



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Kontakt saksbehandlar

Janne Breivik, 51568785

Informasjon til produsentar som har søkt om produksjonstilskot for 7500 høner

Dette brevet blir sendt til alle søkjarar som på sin søknad om produksjonstilskot pr. 01.10.2021 og/eller pr. 01.03.2022, har søkt om tilskot for 7500 høner. Statsforvaltaren er ansvarleg for kontroll av husdyrkonsesjon i høve til lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjon. For eggproduksjon, seier forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen at ein utan konsesjon kan halde maksimalt 7500 verpehøner på eit kvar tidspunkt. Definisjon av verpehøner er: høne frå 20 vekers alder som produserer egg til konsum eller rugeeggproduksjon.

Statsforvaltaren er inneforstått med at høner blir kjøpt inn ved ca. 15 vekers alder, og at det er forventa ei viss dødelegheit fram mot 20 vekers alder. Difor er det forståing for at eggprodusentar kjøper inn fleire enn 7500 høner for å vege opp for høner som dør fram til dei er konsesjonspliktige frå 20 vekers alder. Frå 20 vekers alder skal dyretalet, for søkjar utan konsesjon, ikkje overstige 7500 høner.

Statsforvaltaren registrerer at mange produsentar søker om produksjonstilskot på nøyaktig 7500 høner på begge telledatoane. Vi understrekar at når søknad om produksjonstilskot og avløyartilskot blir sendt inn, stadfestar du som søkjar at du har oppgitt korrekte opplysningar. Dette inneber at det er korrekt tal høner på teljedato som skal førast inn i søknaden.

Statsforvaltaren gjennomfører kontroll med tal dyr i dei produksjonane som er regulert gjennom husdyrkonsesjonsregelverket. Kontroll av tal høner hos eggprodusentar er difor aktuelt.

Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)
landbruksdirektør

Janne Breivik
Rådgivar husdyr

Dokumentet er elektronisk godkjent